

Føresegner

Detaljregulering for E134 Ølen–Mørkeli

Etne kommune
Plan-ID 4611_202201

1 GENERELT

1.1 Formålet med planen

Formålet med planen er å gi rammer for etablering av utbetra E134 på strekninga mellom Ølen i Vindafjord kommune og Mørkeli i Etne kommune. Målet er auka trafikktryggleik og framkomme på strekninga, mellom anna gjennom auka veg- og grøftebreidder, utbetring av horisontal- og vertikalkurvatur, nye kryss og avkøyrslar og utbetring av siktforhold.

Reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er markert innanfor stipla linje/plangrense, sjå teikning R120-R122 i målestokk 1:1000 (i A1-format), datert 3. november 2023.

1.2 Reguleringsformål

1.2.1 I samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova er planområdet regulert til følgjande arealformål:

- Vassforsyningsanlegg (VF)
- Industri/lager (I/L)
- Køyreveg (KV)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg (AVT)
- Annan veggrunn - grøntareal (AVG)
- Landbruks-, natur- og friluftformål (LNF)
- Friluftformål (FL)
- Naturområde i sjø og vassdrag (NSV)

1.2.2 I samsvar med §§ 12-6 og 12-7 i plan- og bygningslova er det i planområdet følgjande omsynssoner og føresegsområde:

- Frisikt (H140)
- Bevaring kulturmiljø (H570)
- Mellombels bygge- og anleggsområde (#M)

2 FELLESEFØRESEGNER

2.1 Forhold til gjeldande planar

- 2.1.1 Eit år etter at vegtiltaket er etablert og tatt i bruk, skal dei mellombelse bygge- og anleggsområda (#M) ikkje lenger ha verknad. Eldre reguleringsplanar og kommune- og kommunedelplanar skal då gå framføre denne planen for dei aktuelle areala merka med #M.

2.2 Søknadar etter sektorlover

- 2.2.1 Arbeid som kan medføre forureining til grunn eller vassdrag må søkast om i samsvar med forureiningslova og forureiningsforskrifta.

2.3 Dokumentasjonskrav

- 2.3.1 Før anleggsarbeidet startar, skal det utarbeidast tekniske planar i samsvar med gjeldande handbøker frå Statens vegvesen. Dei tekniske planane skal også vise korleis massane skal handterast og disponerast i anlegget. Handtering av overskotsmassar frå anlegget skal bygga på prinsipp frå notatet N080 *Handtering overskotsmassar E134 Ølen–Mørkeli*.
- 2.3.2 Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) før anleggsarbeidet startar. YM-planen skal sikra at føringar og krav for å oppnå miljøkvalitet blir handtert på ein systematisk måte i anleggsfasen og i vidare drift av anlegget. YM-planen skal følgjast opp i både anleggsfase og driftsfase. Element og tiltak lista opp i notat N091 *Innspill til ytre miljøplan* skal vera med i YM-planen, men lista er ikkje uttømmande.

2.4 Kulturminne

- 2.4.1 Dersom det under anleggsarbeidet blir avdekt hittil ukjende automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast omgåande og rette myndigheit kontaktast, jf. Kulturminnelova § 8.2.

2.5 Støy

- 2.5.1 Tiltaket vert rekna som eit nytt samferdselsanlegg etter T-1442/2021 (retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging). Det vil difor bli tilbydd avbøtande støytiltak til støyfølsam busetnad som overskrider støygrense gitt i tabell 2 i T-1442/2021, det vil seia støynivå utanfor vindauge i rom med støyfølsamt bruksformål og på stille del av uteopphaldsareal $L_{den} < 55$ dB. Fritidsbustadar har ikkje krav til innandørs støynivå.

2.6 Funksjons- og kvalitetskrav

- 2.6.1 Områda skal nyttast til og opparbeidast med den inndelinga i formål og breidder som er vist på plankartet. I samband med detaljprosjektering kan det gjerast mindre justeringar av veglinjene. Vegskjeringar og -fyllingar, murar og andre element skal sikrast i naudsynt grad med gjerder i anleggsperioden og når områda blir tekne i bruk.
- 2.6.2 Omsynet til landskap skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplanar og ved gjennomføring av anlegget. Krav til utforming av tekniske anlegg og tilbakeføring av vegetasjon skal gå fram av byggeplanane. Alle inngrep knytt til veganlegget skal utformast mest mogleg forsiktig med omsyn til terreng og utsjånad. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Terrenghandsaminga skal ferdigstillast samstundes med resten av anlegget, og ferdigstillast seinast vårsesongen etter at veganlegget er opna.

2.7 Vatn og avlaup, teknisk infrastruktur

- 2.7.1 Innanfor arealformål for «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» er det høve til å etablera kommunaltekniske anlegg, teknisk infrastruktur og kablar under bakkenivå der det er tenleg.
- 2.7.2 Det skal utarbeidast tekniske planar for overvatn og sikrast naturlege flaumvegar.
- 2.7.3 System for handtering av overvatn skal ta omsyn til framtidig klimaendring og venta nedbørsauke.

2.8 Flytting av jordmassar

- 2.8.1 Flytting av jordmassar skal gjerast på ein måte som hindrar spreiring av framande skadelege artar.
- 2.8.2 All matjord som må omdisponerast skal gå til betring av jordbruksareal eller nydyrking. Detaljar kring handsaming av jordmassar generelt vært avklart i plan for ytre miljø, ref. pkt. 2.3.2.

3 FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL

3.1 Bygningar og anlegg

Vassforsyningsanlegg (VF)

- 3.1.1 Området er areal for eksisterande vassforsyningsanlegg.), og er del av denne planen som mellombels bygge- og anleggsområde, ref. 5.1.1. Føresegnene for gjeldande plan vil gjelde etter føresegnsområdet i denne planen er oppheva, ref. 2.1.1.

INDUSTRI/LAGER (I/L)

- 3.1.2 Området er del av reguleringsplan for Industriområde Fikse (plan-ID R-115), og er del av denne planen som mellombels bygge- og anleggsområde, ref. 5.1.1. Føresegnene for gjeldande plan vil gjelde etter føresegnsområdet i denne planen er oppheva, ref. 2.1.1.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg (KV)

- 3.2.1 Køyrevegane skal opparbeidast med utforming og dimensjon som vist på plankartet. o_KV skal vera offentleg veg.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (AVT)

- 3.2.2 Areal er offentlege og skal opparbeidast med nødvendige tekniske installasjonar og trafikkreguleringar i samsvar med vegnormalane.

Annan veggrunn – grøntareal (AVG)

- 3.2.3 Områda er offentlege sideareal for etablering av grøntanlegg knytt til veganlegget.
- 3.2.4 Det er tillate å oppføre trafikkskilt, rekkverk, gjerde og andre tekniske installasjonar innanfor områda.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsmål

LNF-areal (LNF)

- 3.3.1 Områda skal brukast til landbruksformål. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel er gjeldande for områda.

Friluftsmål (FL)

- 3.3.2 Området er del av reguleringsplan for Industriområde Fikse (plan-ID R-115), og er del av denne planen som mellombels bygge- og anleggsområde, ref. 5.1.1. Føresegnene for gjeldande plan vil gjelde etter føresegnsoområdet i denne planen er oppheva, ref. 2.1.1.

3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner

Naturområde i sjø og vassdrag (NSV)

- 3.4.1 Området gjeld delar av Melandselva. Det er vandringshinder for stasjonær aure like nedstraums E134 i dag, og det er ikkje naudsynt med særskilde tiltak knytt til fiskevandring. Det vert tillate med justeringar i elveløpet for tilpassing til gjeldande flaumkrav. Omsyn lista opp i *N091 Innspill til ytre miljøplan* skal inngå i YM-plan og sikre miljøkvalitet.

4 FØRESEGNER TIL OMSYNSSONER

4.1 Sikringssoner - Frisikt

- 4.1.1 Innanfor områda H140 skal det ikkje vera sikthindringar, som gjerde, murar og vegetasjon høgare enn 0,5 meter over vegnivå. Enkelttrær, skilt, lysstolpar etc. kan tillatast plassert innanfor frisiktsona i samsvar med retningslinjer gitt i Statens vegvesen si handbok N100.

4.2 Sone med særleg omsyn til kulturmiljø

- 4.2.1 Området H570 omfattar areal der den gamle postvegen ligg innanfor planområdet. Postvegen skal vera open for allmenn ferdsel. Eksisterande trasé skal bevarast, og skråningar og murar langs ny kjøyreveg skal tilpassast til postvegen.

5 FØRESEGNER TIL FØRESEGNSOMRÅDE

5.1 Mellombels bygge- og anleggsområde

- 5.1.1 Føresegnsoområda #M, merka med stipla, vertikal skravur på plankartet, er areal for mellombels bygge- og anleggsområde for gjennomføring av veganlegget. Jord- og steinmassar kan lagrast innanfor #M-områda, men omsyn til vassdrag må sikrast, ref. pkt. 2.3.2.